

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Postmottak Meland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3559 - 19/191

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
03.01.2019

Godkjenning av lokale og hygieneopplegg for Frisør Loftet A/S

Frisør Loftet A/S sendte søknad 20.11.18 om godkjenning av nye lokal for å drive med frisørverksemd der det også utførast holtaking (hol i øyra). I samsvar med «Forskrift om hygienekrav til frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v.» § 5, skal lokal nytta til tatoverings- og holtakingsverksemd vera godkjent av kommunen før dei blir teke i bruk.

Forskrifta sitt føremål er å «sikre tilfredsstillende hygieniske forhold og forebygge overføring av smittsomme sykdommer ved virksomheter omfattet av forskriften».

➤ **Heimel**

«Forskrift om hygienekrav til frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v.» og «Lov om folkehelsearbeid (folkehelseoven)» kap. 3 (miljørettet helsevern).

Mynde til å føre tilsyn etter «Forskrift om hygienekrav til frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v.» jf. §8 og «folkehelseoven» § 9, er delegert til miljøretta helsevern.

Definisjonar:

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

Merknad: Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

➤ **Historikk**

Frisør Loftet A/S vart etablert i 1998 i Melandsvegen 4.

Grunna rehabilitering/riving av Melandsvegen 4, vil verksemda frå 03.01.19 vere etablert i nye lokalar (Rosslandsvegen 364) inntil tilbakeflytting til Melandsvegen 4 om ca. 8 – 9 månader.

Post
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 57 70
Telefaks +47 56 37 50 01

➤ **Tilsyn**

Frisør Loftet A/S opna i nye lokal den 03.01.19.

Miljøretta helsevern ved Grethe Elin Mjelde var på tilsyn den 03.01.19 saman med eigar av verksemda Lisbeth N. Nedreås.

Det vart ikkje avdekka avvik frå forskriftras krav.

Miljøretta helsevern vurderer lokalet og hygieneopplegget som tilfredsstillande.

➤ **Vedtak**

Med heimel i «Forskrift om hygienekrav til frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v.» vert lokalet til Frisør Loftet A/S godkjent.

Med helsing

Tord Moltumyr
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Om klage over vedtak:

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker etter at vedtaket er motteke.

Klagen skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast kommunen v/Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

Link:

Forskrift om hygienekrav for frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v.:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1998-05-06-581>

Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven):

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>

Kopi til:

Postmottak Meland